

ISFLAKET

Polarmagasin frå Ishavsmuseet. Nr. 2– 2023 25. årgang kr. 90,-



Leiar:

Ishavets Grand Old Lady har blitt 75 år.

«Polarstar» sin gebursdag skal feirast ved Ishavsmuseet 24. – 27. august. Du er med dette invitert.

Det var nok ei samling med stolte reiarar, Martin Karlsen, Peter Karlsen, Karl Karlsen og Kristoffer Marø som i juni 1948 reiste over til James Lamont verftet i Glasgow, Skottland for skipsdåp og sjøsetting. Det var litt av ei nyvinning dei var vitne til å sjøsette. Ei ishavsskute i stål hadde aldri vore bygd før. Såleis mangla det heller ikkje på skeptikarar blant dei eldre reiarane som var vande med ishavsskuter i tre. Det hadde sett stygt ut for mang ei treskute oppskrudd i isen med til dels alvorleg lekkasje, men når isen slakna av igjen seig dei seg likso på plass igjen og tetna. Dette ville vere annleis med ei skute i stål. Ei flengje i stålskroget ville ikkje sige seg til att. Men arkitekten bak det heile, Kristoffer Marø, hadde 45 års røynsle frå ishavet då skuta vart teikna, og hans erfaringar var nok viktige til dette prosjektet.

Marø gjekk under bygginga og gnog på at skuta vart for svakt spanta og ville ha verftet til å sette inn meir styrke. Han fekk ikkje gjennomslag for dette, men alt etter første fangstturen i 1949 hadde skuta fått ein del inntrykte plater etter turen.

Etter at skuta var ferdig med ekspedisjonsturane på Grønland, gjekk skuta til Amsterdamshe Droogdock for forsterking i oktober og var ferdig i januar 1950 med god margin til neste Newfoundlandstur.

Om det er desse forsterkningane som har redda skuta gjennom meir enn 50 turar på selfangst i kamp med drivisen er uvist, men det har nok hatt noko å seie.

I 1952 på veg heim frå Newfoundland gjorde Kristoffer Marø og Sigmund Bøe seg nye tankar om ombygging. Dei hadde ei tungt lasta skute, men med dei opne gangane fylde skuta seg med sjø, og den var treg med å kvitte seg med sjøane att. «Oss var meir under enn over havet» sa

Sigmund Bøe seinare. Dei fekk med seg dei andre reiarane og fekk bygd att gangane. Dette skaffa meir oppdrift og det vart ei heilt anna skute, sa Bøe som var 1. skyttar den tida.

Eg vert stadig overvelta av kor mange som har eit forhold til «Polarstar». Men med 50 år på selfangst, ekspedisjonar, fraktfart, oljeleiting og sysselmannsbåt er det eit stort mannskap som har vore mønstra på.

Og som ein av mannskapet i sysselmannstida sa; det var ikkje ein stortingsrepresentant på 1980-talet som ikkje var på besøk på Svalbard og var på tur med «Polarstar».

Skuta fekk også sju år i turistfart på Svalbard. I denne perioden har den blitt kalla fantomskipet som kom seg rundt heile Svalbard. Dei fleste andre som hadde drive med turistfart før «Polarstar» hadde sine avgrensingar og gjekk dagsturar og kortare turar på vestsida med utgangspunkt i Longyearbyen.

Eg ber om orsaking til dei lesarane av Isflaket som ikkje har eit forhold til «Polarstar». Men det er sjeldan kost å få feira ei ishavsskute som vert 75 år, og derav inneheld denne utgåva av bladet mykje stoff om «Polarstar».

Elles i denne utgåva kan du lese om ein tur med «Polarbjørn» til sydisen i 1986 skriven av Knut Hustad, og Magnus Sefland har skrive ein interessant artikkel om dei tre ishavsskutene «Asbjørn» av Gratangen.

Eg vonar mange vil ta del i feiringa av «Polarstar» i august, særskilt inviterte er dei som har vore mannskap på skuta i løpet av eit langt liv.

Sommaren er tid for museumsbesøk og vi er klare til å ta deg imot.

God lesnad.

Brandal 09.06.2023

Webjørn Landmark
Redaktør

Skinnhua hass Olavius

Åttringen hans Olavius lensa for frisk nordvest-kuling inn gjennom Breisundet etter torskefiskje utom Grasøyane.



Då kom der ei dryge byge og hivde skinnhua av hovudet til hovedsmannen og slengde den til sjøs. Han grein trassig mot sjøskvetten, førte vottane av hendene og sende dei etter:
-Sjå der he' du vottane mæ, din tykje!

**

Religion på fiske

Den gamle sunnmørske kristendomen var ein heller blyg religion. Såleis snakka dei som oftast om «Storemannen» eller «Han som sit oppyve». Vårherre var meir ein å ha i bakhand. Men uroast i utide skulle Han ikkje.

To fiskarar frå Brandal var ute med trerøringen sin på fiske ved Grasøyane. På veg heim kollsegla dei komne nesten inn til Kvitneset, men dei hadde kome seg opp på den kvelva båten. Medan bårene vaska over kjølen, og rundt øyrene på dei, seier den eine til hin:

- Lars, no må vi rope og be til vår herre!
- Tja, men det må no vel vere folk nærmare? meinte kameraten.

**

Sterkt budabrygg

To skutekarar hadde kome frå Vesterisen og hadde lege i Brandal og levert skinn heile dagen. På Gråbuda hadde «budagjengen» bryggja og forsynt karane som var overmåte tørste. No hadde dei praia ein drosjesjåfør på Hareid og var på veg til Ulsteinvik.

Kome fram på Rise klarde ikkje karane å vente lenger, og beordra drosjen til å stoppe og han med plastnettet med «varer i» var snar ut av bilen, og kameraten hakk i hel for å smake på varene. Sjåføren noterte seg replikkane:

-E det ster't?
-Ja, ej trur du må sløkkje sigaretten meda ej tæ uto toppa.

Innhald

Dei brølende førtiane	side 4
Asbjørn, tre ishavsskuter frå Gratangen	side 9
Frå arkivet – Polarstar	side 14
Eit viktig kulturminne	side 18
Polarstar til ishavet	side 22
Frysefart på Amerikakysten	side 40
Dynamitt og brennevin	side 44
Undervassfotografering	side 47
Polarstar – Helikopter i brann	side 49
Plukkfangst	side 50

ISFLAKET

Polarmagasin utgitt av Ishavsmuseet og Ishavsmuseets Venner.

Adresse: Ishavsmuseet, Brandalsvegen 28, 6062 Brandal

Tlf. 95 11 76 44

Redaksjon: Webjørn Landmark, redaktør og oppsett. webjorn@ishavsmuseet.no

Opplag 800. Årskontingent / abonnement kr. 400,- fritt tilsendt. Bedrifter kr. 750,-

www.ishavsmuseet.no

www.facebook.no/aarvak

Forsidefoto: «Polarstar» Foto Webjørn Landmark

ISSN 1891-9480

MS «Polarbjørn», «dei brølande førtiane» og ein fransk flyplass i Antarktis

Av Knut Hustad

Oppå brua på MS «Polarbjørn» konstaterte kaptein Magnar Aklestad at enkelte av havbårene no var oppe i over 25 meters høgde. Så kom der ei melding nede frå mellomdekket frå båtsmann Kåre Urke: «Sikringa av dei to gravemaskinene er på ingen måte god nok. Den eine maskina slingrar no med minst ein meter.» Kaptein Aklestad og mannskapet hans forstod at noko måtte gjerast om ein skulle unngå eit fatalt utfall.

At last på skip forskyv seg på grunn av for dårleg sikring skjer også i dag. Det er ikkje lenger sidan enn april i fjar at det nederlandske lasteskipet «Eemslift Hendrika» fekk stor slagside i havet utanfor Ålesund. Etter kvart miste skipet motorkrafta og faren for at skipet skulle kantre, var stor. Hovudredningssentralen (HRS) og seinare Kystverket vart kopla inn og mannskapet vart berga av redningshelikopter. Men i to døgn vart «Eemslift Hendrika» drivande utan mannskap, og ei tid frykta ein at skipet at skipet skulle drive i land. Skipet hadde 350 tonn tungolje om bord i tillegg til 50 tonn diesel. Det hadde vore ein katastrofe om skipet hadde grunnstøytt, og oljen hadde leke i sjøen.

Men skipet vart berga på Stadhavet under leiing av Kystverket. Årsaka til ulykka var at nokre propellar/trustalar som vart transportert under dekk, forskyvde seg fordi dei ikkje var godt nok sikra. Dermed slo dei hol i to av ballasttankane, og store mengder vatn kom inn i lasterommet, og lasteskipet fekk etter kvart stor slagside. Heldigvis har vi her i landet ei velfungerande redningsteneste som kan redde både folk og skip.

Slik var det ikkje for kaptein Aklestad og mannskapet hans om bord på MS «Polarbjørn» denne aktuelle dagen dei segla i området som gjerne vert kalla «The roaring forties». Skipet



«Polarbjørn» i Antarctic 1986/87. Foto Sigvald Brandal.

var langt utanfor rekkevida til ev. redningshelikopter.

Frå Ålesund

Den 16. oktober 1986 klokka 06 la MS «Polarbjørn» (sjå faktaboks) ut frå kai i Ålesund. Om bord var det eit mannskap på 12. Kaptein var hjørundfjorden Magnar Aklestad. Båtsmann/arbeidsleiar var Kåre Urke frå Ulsteinvik. Skipet var eigd av Rieber, Bergen. Det første målet var Hobart, Tasmania (Australia), men det endelege målet var den franske forskingsstasjonen Dumont d'Urville i Antarktis. For denne turen var då også MS «Polarbjørn» chartra/leigd inn av den franske staten.

No var kaptein Aklestad og mannskapet klar for ein av dei lengste seglasar det er råd å få til frå Noreg. Først var dei ein tur innom Bergen for å bunkre. Så gjekk turen til Le Havre i Frankrike for lasting. Det var mykje gods som skulle



Skipper Magnar Aklestad. Foto Jon Hustad

fraktast til Hobart. To-tre døgn seinare sette det no fullasta skipet kurs mot Cape Town i Sør-Afrika i gjennomsnittleg 12 knops fart.

Då mannskapet på MS «Polarbjørn» såg det vidgjetne fjellet Table Mountain i Cape Town hadde skipet lagt bak seg 6230 nautiske mil (frå Ålesund), men før dei var vel framme i Hobart etter 46 døgns seglas, hadde dei lagt bak seg ytterlegare 6200 nautiske mil. For å illustrere avstanden nemner Magnar, også rutinert selfangstskipper, at det frå Ålesund til Newfoundland er ca. 1900 nautiske mil. Mellom Ålesund og Færøyane er det t.d. ca. 360 nautiske mil.

Lossing og lasting i Hobart

I Hobart, i 20 – 22 plussgrader, var sjauarane/lastemannskapet klare då MS «Polarbjørn» klappa til kai. Mykje ny og tung last skulle om bord, men først måtte sjauarane losse skipet. Det var altså anna utstyr som no skulle vidare til den franske forskingsstasjonen i Antarktis.

Så var skipet igjen klar for lasting. Mange pallar med fat som inneholdt jetfuel/flybensin vart lasta i underrommet. På mellomdekk vart to svære dumparar plassert, i tillegg til to 14 tonns store gravemaskiner på stålbelter.

Gravemaskinene vart plassert på det som vart kalla boksar, dvs. trestokkar på 4 x 4 tommar.

Båtsmann Urke fortel at det i tillegg vart plassert nokre containerar, 20 fotarar, på mellomdekk. På dekk vart ein svær lekter plassert på tvers. Lekteren var så stor at han stakk godt ut på kvar side av skipet.

Men så var det sikringa av denne tunge lasten. Både kaptein Aklestad og båtsmann Urke meinte at ho på ingen måte var god nok. Dei visste kva som kunne møte dei i Sørishavet. Sjauarane hadde sikra ved hjelp av wirar, wireklemmer og strekkfiskar og meinte dette var godt nok. Rett nok var wirane nye, men erfaringane til Urke og Aklestad var at akkurat det kunne vere eit minus – wireklemmene sat gjerne därlegare på nye wirar. Dermed kunne klemmene lettare gli. «I tillegg så kan ein wire strekke seg når temperaturen aukar (t.d. i lasterom)», forklarer Urke. Nei, både kaptein og båtsmannen ville at kjetting med kraftige kjettingbjønnar skulle nyttast til sikring av dei tunge maskinene. Men nei, også representantane for dei franske myndighetene hevda at wiresikring var godt nok, og dessutan vart det for kostbart å nytte kjetting og kjettingbjønnar, meinte dei.

«Vi hadde ikkje noko val, vi måtte berre godta sikringsmetoden til sjauarane», fortel Aklestad, «men før vi gjekk frå kai, la vi inn ein protest på surringa/sikringa til den franske agenten før vi gjekk frå kai.» No var målet Dumont d'Urville, forskingsstasjonen som ligg på 70 grader sør, omtrent på den magnetiske sørpolen.

Roaring forties

Det er havområdet mellom 40. og 50. breiddegrad på den sørlege halvkule som vert kalla roaring forties – dei brølende førtiane. Her bles det jamt sterkt vind frå vest. Tasmania ligg i det nordlege beltet av dette havområdet. Magnar og Kåre er heilt samde i at dei som ikkje har segla her, umogleg kan vite kva grov sjø er for noko. I «roaring forties» kan bølgjene vere både 10 og 15 meter høgare enn bølgjene i Atlanteren når vindstyrken er omtrent den same. Årsaka er at det her er få landmassar som hindrar luftstraumen.



«Polarbjørn» Antarctic 1986/87. Foto Sigvald Brandal

Ein blåsar frå vest

Det gjekk som Magnar og Kåre frykta. Etter to dagars seglas rett sørover kom MS «Polarbjørn» inn i eit område med vind som etter kvart utvikla seg til sterk storm frå vest. Eller som Magnar seier det: «Vi fekk ein blåsar frå vest».

Det utvikla seg raskt. Snart var vindstyrken 30 m/s og bårene kom opp i rundt 25 meters høgde. I den grove sjøen slingra skipet med 50 – 60 grader. Frå mellomdekk fekk Magnar melding om at det gjekk som dei frykta med wiresikringa – sikringa slakna, og no slingra den eine gravemaskina med ein meter frå side til side.

«Vi hadde stramma strekkfiskane maksimalt, men likevel var wirane slakke. Med andre ord skulle det ikkje mange hivertar til før begge maskinene var lause om ikkje noko vart gjort» fortel Kåre Urke. «I så fall hadde ikkje vi sete her», legg han til. Det var heller ikkje råd å løyse wireklemmene og så stramme inn slacken i dette været. Det var berre ein ting å gjere – gravemaskinene måtte kort og godt sveisast fast

til dekket dei stod på. Det var ein jobb for tidlegare verftsarbeidar og no båtsmann Kåre Urke.

Før sveisearbeidet kunne ta til, måtte kaptein Aklestad syte for akseptable arbeidsforhold for båtsmannen, og dei andre som skulle hjelpe han. Slingringa på skipet måtte reduserast. Det var ikkje forsvarleg å sende folk ned på mellomdekk slik situasjonen var no. Det første kapteinen gjorde, var å slå av autopiloten. Så slakka han farta så langt ned som forsvarleg. Deretter «heiv han skipet rundt» slik at han fekk akterenden opp mot vinden. No vart slingringa redusert med 50 – 60 prosent, og dermed kunne arbeidet på mellomdekk ta til. Under denne prosessen la Magnar skipet «rett unna» i 3-4 knops styrefart.

Det første som måtte gjerast var å dekke til pallane i underrommet, pallane som det stod fat med jetfuel på. Store presenningar vart nytta og det var franskemann som kom ombord i Hobart som tok seg av den oppgåva. Kåre Urke forklarer med eit smil kvifor desse pallane måtte dekkast til: «Kombinasjonen av ev. gass frå jetfuel og gneistar frå sveising er lite heldig.»

Eit par av maskinistane kutta vinkeljarn. Det var desse vinkeljarna Kåre Urke brukte til å sveise fast gravemaskinene med. Det var ikkje sjølvsagt at der skulle vere vinkeljarn på skipet, «men vi brukte å ta med ting som vi ev. kunne få bruk for», opplyser Urke.

Etter tre og ein halv time med manuell styring kom meldinga frå mellomdekk som kaptein Aklestad venta på: «Alt i orden. No kan du legge på kurs igjen».

Eit forj.... Isfjell

To-tre dagar seinare, etter ca. 14000 nautiske mil frå Ålesund, var MS «Polarbjørn» på plass ved Dumont d'Urville. Lossinga gjekk problemfritt sjølv om det tok litt tid før ho kom i gang. «Du skjønar at Kåre kan å sveise, og han hadde gjort eit grundig arbeid. Dermed vart det ein del sliping», humrar Magnar.

Gravemaskinene og dumparane vart frakta i land på lekteren. Desse maskinene skulle brukast til å gjere ferdig flyplassen som franskmennene allereie hadde arbeidd med sikkert i 10-12 år, fortel Magnar og Kåre. Men dei to trur knapt at flyplassen nokon gong kom i bruk – kanskje med unnatak av ei prøvelanding eller to. «For ikkje lenge etter dette kom der eit forj.... isfjell innover flyplassen og øydeda nesten heile greia. Då gav visst franskmennene opp», fortel Magnar med eit lurt smil. «Og kor mykje pengar franskmennene kasta vekk på dette prosjektet, er det vel knapt nokon som veit», legg Kåre Urke til.

Etter denne spesielle turen vart det elles eit oppvaskmøte mellom partane, dvs. representantar for sjauarane i Hobart, agenten til chartrarane av MS «Polarbjørn» dvs. styresmaktene i Frankrike og kaptein Aklestad. Dette skjedde fordi Magnar Aklestad hadde protestert på måten sikringa av lasten var utført på og fordi denne sikringa, skulle det vise seg, sette både båt og mannskap i stor fare. Kva som vart resultatet av dette møtet kjenner ikkje Magnar til i detalj, men både han og Kåre Urke la merke til ved seinare turar at ein av «sjefssjaurane» i Hobart ikkje lenger var å sjå.



Lossing med pram, Antarctic 1986/87. Foto Sigvald Brandal

Det å ikkje godta surring/sikring av lasta med kjetting var nok ikkje eit klokt val.

Vel tilbake i Hobart var det tid for mannskapsbytte. Magnar Aklestad, Kåre Urke og dei andre tok no den lange turen heim, men denne gongen med fly.

Fakta:

Magnar Aklestad, f. 1936, bur på Sæbø. Tilsett i Rieber, Bergen, i 24 år som sjøkaptein og islos. Har 24 sesongar bak seg i Antarktis. Han var også ice pilot/islos på den australske isbrytaren «Aurora Australis» som då var innleidt av Australien Antarctic Division.

Kåre Urke, f. 1954, bur i Ulsteinvik. Tilsett i Rieber i 36 år. Båtsmann/arbeidsleiar. Fleire sesongar i Antarktis. Har vore på mange turar saman med Magnar Aklestad.

MS «Polarbjørn»: Ferdig bygd i 1975, Vågen verft, Kyrksæterøra. Lengd 49,5 m, breidde 11,55 m. 929 bruttotonn. Eit spesialskip for polare ekspedisjonar. I 1995 vart skipet seld til – av alle – Greenpeace og fekk då namnet «Arctic Sunrise».

ASBJØRN – Namn på tre ishavsskuter frå Gratangen

Av Magnus Sefland

ASBJØRN. Den første. Eksisterte 1933-1967.

1930-talet:

Asbjørn var ein trekutter, bygd av Johan Drage på Rognan i 1933. Dimensjonar originalt: 80 ft / 107 brt. Maskin original: Bolinder 150 hk. Fiskerimerke T 2 G. Eigar: Haakon Jensen m. fl. Foldvik, Gratangen.


Asbjørn sin første skipper var Haakon Jensen. Skuta vart brukt i fiske og selfangst.

Krigsinnsts 1940:

Gratangen og fjellområda i omlandet var arena for krigshendingar i samband med kampane om Narvik våren 1940.

Under kamphandlingane vart *Asbjørn* rekvisert til krigsinnsts: Skuta gjekk i fart for forsyningskompani under kampane i Narvik- og Gratangen-området. Skipper i den farten var Harald Årsand. Eit anna fartøy i liknande teneste var betelskipet *Elieser 4*, tilhøyrande Den Indre Sjømannsmisjon i Bergen. Begge fartøya var i teneste som forsynings- og troppetransportskip. I krigen sine hektiske situasjoner var dei også i teneste som sanitets- og hospitalfartøy i Sør-Troms. Truleg var dei utstyrt for slik teneste i hast og på provisorisk måte.

Den 1. mai 1940 låg *Asbjørn* saman med *Elieser 4* i Hamnvik på Rolla. I slutten av april vart det sett opp eit sanitetskompani i Balsfjord. Kompaniet vart frakta landevegen til Sørreisa. Derifra vart kompaniet frakta vidare med det rekviserte hurtigruteskipet DS *Dronning Maud*, som tilhøyrde Det Nordenfjeldske Dampsksibsselskap i Trondheim, til Hamnvik. Det var tenkt at *Asbjørn* og *Elieser 4* skulle frakte sanitetskompaniet vidare frå Hamnvik til Foldvik i Gratangen, dit det skulle. Men kompaniet på 119 mann hadde også med tre lastebilar og åtte hestar. Det var meir enn *Asbjørn* og *Elieser 4*



Asbjørn, her fastskrudd i Vesterisen i 1959. Foto Bjørn Berland, Ishavsmuseets arkiv.

kunne ta med. Derfor vart *Dronning Maud* dirigert vidare, direkte til Foldvik.

Like før *Dronning Maud* skulle legge til kai i Foldvik, hadde den rekviserte ishavsskuta *Lance* (1938) av Gratangen i transportteneste lossa furasje i Foldvik og var på veg lenger inn over fjorden. Då vart *Lance*, med skipper Joakim Martinsen og ein militær kommandant om bord, angripne av tyske fly med bomber og mitraljøser. Skuta vart berre lite skadd. Dei ansvarlege om bord valde å setje dei fleste folka om bord direkte på land i fjøra der dei var, utanfor busetnad. Dette for ikkje å setje sivilfolk og lokalbusetnad i unødvendig fare. Dei venta nye angrep frå flya.

Flya konsentrerte seg imidlertid om *Dronning Maud*, som heldt på å legge til kai i Foldvik. *Dronning Maud* vart skoten i brann, og 19 personar omkom.

Lance kom til og berga folk som hadde samla seg på hekken av hurtigruteskipet. Skipper Haakon Jensen, reiar for *Asbjørn*, oppheldt seg heime i Foldvik akkurat då *Dronning Maud* vart skoten i brann. Med ein snurpedory hjelpte han

Lance og Joakim Martinsen med å dra den brennande *Dronning Maud* bort frå kaia og busetnaden i Foldvik og ut på fjorden. Der brann skipet ut og sokk.

Etter senkinga av *Dronning Maud* kom både *Elieser 4* og *Asbjørn*, begge i forsynings- og sanitetsteneste, frå Hamnvik til Foldvik. *Elieser 4* frakta omkomne og såra frå *Dronning Maud* til feltsjukehuset i Salangsverket. *Asbjørn* tok resten av sanitetskompaniet frå *Dronning Maud*, ca 60 mann, frå Foldvik til Hamnvik for reorganisering og ny innsats. Under transporten frå Foldvik til Hamnvik var dei tyske flya stadig i nærleiken. Blant anna flaug dei så lågt at flygarane vinka til mannskapet på *Asbjørn*.

Etter 1945 – ei fredelegare tid:

Asbjørn heldt fram i si vanlege verksemd : fiske og selfangst. I 1951 vart skuta forlengd. Nye mål: 93 ft / 140 brt. Året etter – 1952 – vart den originale Bolinderen erstatta av ein firesylindra Alpha på 240 bhk.

I 1956 vart eigarforholda endra. Haakon Jensen fekk med seg sønene Bjarne Jensen og Asbjørn Jensen i partreiarlag, der kvar av dei åtte ein tredjedel av skuta. (Fekk sonen namnet Asbjørn etter skuta? – Eller var det omvendt?).

Asbjørn gjekk ut av teneste som ishavsfartøy ca 1960. Men skuta var i bruk som fiskekartøy til stålkryssaren *Asbjørn* vart levert frå Kaarbø MV i Harstad i 1962.

Våren 1962 vart *Asbjørn* sold til opphogging. Men det drygde eit par år før det hende noko meir. Skuta vart kondemnert i 1964. Til slutt vart ho slept til dumpeplass av MS *Myregga* av Gratangen i 1967.

Asbjørn har fått plass i Krigsseilerregisteret.

ASBJØRN. Den andre. Eksisterte 1962-1970. *Asbjørn* var ein stålkryssar på 116 ft / 311 brt, bygd ved Kaarbø MV, Harstad, og levert i 1962. Motor var originalt: MaK 900 hk. Snurpar og ishavsskute.

Stålskuta overtok namnet og fiskerimerket T 2 G etter den første *Asbjørn*. Eigrarar var partreiarlaget Haakon Jensen og sønene Bjarne



Asbjørn ved Newfoundland 1970. Foto Peder Sørheim, Ishavsmuseets arkiv.

og *Asbjørn* Jensen, alle Foldvik i Gratangen. Fast skipper var Bjarne Jensen.

Asbjørn sitt første tokt var til sildefiske ved Island sommaren 1962. Første ishavstur gjekk til selfangst ved Newfoundland i 1963.

I 1966 var *Asbjørn* til Tyskland og fekk innsett ny motor, ein MaK 1200 hk. (Det er ikkje kjent akkurat kvar i Tyskland dette vart gjort. Men det er nærliggjande å tenke seg at det kan ha vore i Kiel, der MaK hadde sitt hovudanlegg).

Kraftblokk og sildepumpe for snurpefiske vart montert i 1966.

Forliset ved Newfoundland:

I 1970 var *Asbjørn* på loddefiske i vintersesongen. Deretter gjekk skuta som vanleg til selfangst ved Newfoundland. Skipper var Bjarne Jensen, førsteskyttar var Paul Stark og maskinsjef var Frode Lalid.

På feltet fekk *Asbjørn* vanskar med turboen på hovudmotoren. Skuta gjekk til St. John's for reparasjon.

På veg tilbake til feltet møtte skuta därleg ver, med storm, snøbyger og därleg sikt. På veg inn i isen igjen støytte skuta på eit isflak, ein støyt som riste skuta. Skuta må ha fått ein skade i baugen, som ikkje vart oppdaga med ein gong.



Asbjørn forliser. Foto fra Nils Pilskog.

Sjøen strøynde inn, og skuta fekk ei illevarslande slagseite.

Fleire skuter vart tilkalla. *Melshorn* (1956), *Polarstar* og *Kvitungen* (1970) var dei norske skutene som var næraast, saman med den kanadiske *Theta*. *Melshorn* kom først fram og sette ei ekstra lensepumpe om bord i *Asbjørn*.

Den ekstra lensepumpa hjelpte, men ikkje nok. *Asbjørn* låg an til å gå ned. Først vart det meste av det menige mannskapet evakuert. Slik evakuering skjedde i to etapper. Først frå *Asbjørn* til eit isflak, så plukka opp frå isflaket av *Melshorn*. Skipper, førsteskyttar, maskinsjef og kokk heldt ut litt til – før dei også måtte evakuere same veg. Hovudmotoren i *Asbjørn* gjekk framleis, med framdrift på propellen. Tanken var å få den søkkeferdige skuta bort frå flaket der folka oppheldt seg, i tilfelle skuta skulle kome til å kantre til den sida. Skuta støyte mot eit anna isflak og endra kurs: gjekk i


ring – og tilbake med kurs mot flaket der *Melshorn* var i ferd med å ta opp folka. Ei kort stund såg situasjonen ut til å bli kritisk for folka. Men dei kom seg alle til slutt velberga om bord i *Melshorn*. Etter ei tid gjekk *Asbjørn* ned utan at nokon kom til skade.

Årsaka til forliset vart ikkje eintydig klarlagt. Frå *Melshorn* meinte somme å ha observert ei flenge i skroget på *Asbjørn*, anslått til ca fire-fem meters lengd.

Hugo Henke / Polarsirkel / Asbjørn. Eksisterte 1942-1973, med namnet *Asbjørn* 1971-1973. Skuta var den tredje ishavsskuta frå Gratangen med *Asbjørn*-namnet. Ho var likevel truleg best kjend under namnet *Polarsirkel*, som ho hadde lengste tida.

Hugo Henke var ein av fem kombinerte havgåande slepebåtar, isbrytarar og bergingsbåtar som den tyske Wehrmacht fekk bygde under andre verdskrig. *Hugo Henke* vart bygd ved AB Crichton-Vulcan i Åbo, Finland, 1942. Fartøyet hadde slepebåtfasong med overbygg framme og var frå starten dampdrive. Fartøyet vart levert til den tyske tingaren og sett i teneste, mest truleg i Austersjø-området.

Etter andre verdskrig vart fartøyet overført til Storbritannia som krigsskadeerstatning. I 1950 vart fartøyet sold til Otto Holms Sønner i Tromsø, gitt namnet *Polarsirkel* og fiskerimerket T 60 T.



Polarsirkel i sydisen 1956-57. Foto Arne Moldskred

Skuta var på selfangst i Vestisen i 1951, framleis i sin opphavlege slepebåtfasong og med kolfyrt dampmaskin. På den tida bar skuta tilnamnet 'Koloksen'.

I 1952 vart *Polarsirkel* ombygd, fekk overbygget flytt akter og ein MAN dieselmotor på 1200 hk, ubåtmotor. I 1956 var skuta på fangst ved Newfoundland, skipper John Jakobsen, og kom heim med rekordfangst.

Ved årsskiftet 1956/57 var *Polarsirkel*, skipper John Jakobsen saman med *Polarbjørn* (1950) av Brandal til Antarktis med ekspedisjonen som oppretta Norway Station. Der stasjonerte eit forskerlag frå Norsk Polarinstittut i tre år som del av programmet for det internasjonale geofysiske året IGY. I den sørlege sommarsesongen 1957/58 var *Polarsirkel* saman med *Polarhav* av Brandal til Antarktis for belgiske oppdragsgjevarar, også det i samband med det internasjonale geofysiske året.

Frå 1962 og utover bytte *Polarsirkel* motor fleire gonger: Først ein MaK på 1800 hk og deretter ein av same fabrikat på 2200 hk.

I 1968 vart *Polarsirkel* overtatt av Rieber. I 1971 selde Rieber skuta vidare til Haakon Jensen m. fl. i Gratangen, med namnebytte til *Asbjørn*. Den opphavlege *Hugo Henke* vart dermed den tredje gratangsskuta med namnet *Asbjørn*. Alle tre hadde fiskerimerket T 2 G. Skuta heldt fram med snurpefiske.



Asbjørn den tredje forliseri i 1973. Foto Kjell Arne Sundgot

I 1973 kom ei endring i eigarforholda for *Asbjørn*. Bjarne Jensen tok over eigardelen som Haakon Jensen hadde hatt – i tillegg til eigardelen Bjarne hadde frå før.

Tida som skuta hadde under namnet *Asbjørn* skulle vise seg å bli kort, berre to år. Under loddefiske i Barentshavet tok *Asbjørn* ein god fangst 24 nautiske mil nord for Hopen og hadde om lag 5000 hl om bord, dvs. fullasta. På veg til levering av fangsten i Skjervøy kom *Asbjørn* ut i liten, nordaustleg kuling, tok inn vatn, vart ustabil og forliste. Fullasta som skuta var, gjekk ho fort ned. Mannskapet på 13 vart i siste liten berga av snurparen *Flømann* av Hareid, som var om lag ei nautisk mil unna.



Asbjørn med nota langs sida. Foto fra Idar Eklund

I mannskapet frå *Asbjørn* var 16 år gamle Idar Eklund frå Foldvik i Gratangen, nettopp ferdig med skulegang. Berga om bord i *Flømann* fekk han bruke lugaren til styrmann Kjell Arne Sundgot frå Ulsteinvik. Der vart Eklund sin redningsvest liggande igjen. Då Sundgot gjekk i land frå *Flømann* for godt, tok han med seg redningsvesten og tok vare på den. Eklund og Sundgot møttest i Nordkjosbotn 42 år etter



Sterkt minne: Idar Eklund fekk møte halvparten av redningsmennene sine frå Flømann under polarkvelden i Brandal. Frå venstre: Roar Dimmen, Modulf Røyset, Kjell Arne Sundgot, Per Hovden, Einar Bjåstad, Kjartan Bjåstad og Idar Eklund. Det var Kjell Arne Sundgot som lånte Eklund lugaren sin, Roar Dimmen lånte han ei bukse. Foto Ingvild Måseide

Asbjørn-forliset. Då fekk Eklund levert tilbake redningsvesten. På det tidspunkt var Idar Eklund teknisk sjef for bygg og eigedom ved UiT Norges Arktiske Universitet. Ved eit seinare høve møttest dei to – Eklund og Sundgot – igjen ved ein ishavskveld i Ishavsmuseet Aarvak i Brandal.

REFERANSAR

Informant: Webjørn Landmark.

Avis: Vikebladet 27.02.2018.

Litteratur:

Alme, J. B. 2009. Ishavsfolk si erfaring. Trondheim. Tapir Akademisk forlag.

Jacobsen, A. R. 2019. Farlig farvann. Hurtigruten i nord 1940-45. Oslo. Vega Forlag AS.

Johansen, B. 2014. Selfangst – et liv for mannfolk. Melhus. Snøfugl Forlag.

Kristiansen, E. H. 1989. Ishavsfart fra Gratangen og gamle Ibestad. Alta. Eige forlag.

Ottesen J. 2007. Skuter på selfangst. Ulsteinvik. Fotoarkivet.

Nettet:

Ishavsmuseet Aarvak: Skutekatalog.

Klouman, Fredrik: ‘Angrepet på «Dronning Maud» 1. mai 1940, Foldvik. Med Odd Johansens historie og Helge Bindingsø’. April 2018.

Krigsseilerregisteret.

Sjøhistorie.

ISHAVSMUSEETS VENNER

STØTT OSS MED DIN GRASROTANDEL!

Grasrotandelen gir deg som spiller hos Norsk Tipping mulighet til å bestemme hvem som skal motta noe av overskuddet til Norsk Tipping. Hver gang du spiller går inntil 7 prosent av din spillinnsats til den grasrotmottakeren du velger - uten at det går utover din innsats, premie eller vinnersjanse. Vi oppfordrer deg til å støtte oss i ISHAVSMUSEETS VENNER

-Bli med og støtt vårt arbeid for bevaring og formidling av vår polarhistorie!

Bli Grasrotgiver i dag! Du kan bli grasrotgiver i alle Norsk Tippings kanaler eller ved å sendeSMS «Grasrotandelen 997304527» til 60000



«Polarstar» blir med i letingen

Skuta har forlatt Newfoundland med full fangst og går nordover.

«Nordkyn» til
Siglufjord, «Sørøy» på 18 V.

Flyene og selfangerne fortsetter letingen.

(Avisa Tromsø 18. april 1952)

Etter hva skipsreder Martin Karlsen i Brandal opplyser til «Tromsø»s Ålesund-korrespondent, vil «Polarstar» som nå har forlatt fangstfeltet på Newfoundland med full fangst, på hjemturen følge den nordlige rute og delta i ettersøkningen etter de fem savnede selfangstskutene i Vesterisen.



«Polarstar» går opp til Kap Farvel og følger iskanten nordover gjennom Danmarkstredet så langt det måtte være hensiktsmessig. – «Polarstar» er den første norske selfanger som denne sesongen har tatt last på Newfoundland. For en tid siden hadde skuta 16.000 dyr inne, og med en noenlunde rimelig fordeling mellom store og små dyr, skulle skuta kunne ha en fangst på ca. 18.000 dyr. Dette tallet er imidlertid ikke bekreftet av rederiet.

Distansen mellom Belle Island på Newfoundland og det sjøområdet i Danmarksstredet der vrakrester ble meldt observert, er ca. 1200 nautiske mil lang – eller om lag 100 nautiske mil lengre enn distansen mellom Tromsø og vrakrestenes sist kjente posisjon. «Polarstar» vil således ha vel så lang vei frem til det aktuelle område som korvetten «Sørøy» hadde fra Tromsø – og den full-lastede skuta vil selv om den gjør temmelig god fart, neppe kunne seile ut de 1200 nautiske milene på under 4-5 døgn.



«Polarstar» ved Kap Tobin 1949. Etter fangstturen i 1952, med ei tøff oversegling med lasta skute, vart gangane akter innebygde. Foto frå Sigmund Bøe.

Vi kjenner ikke tidspunktet for «Polarstar»s avgang fra Newfoundlands-feltet, men man kan neppe regne med at skuta vil være fremme i det

sjø- og isområdet som letingen bør konsentreres før tidligst kommende mandag.

Fra Oslo blir det gjennom NTB meldt:

«Når de norske selfangerne forlater Newfoundland i de nærmeste dager, vil antakelig to av dem følge iskanten langs sørrenden av Grønland og nordover».

Utenom «Polarstar» er det så vidt vites bare «Selbarden» som har så stor fangst at den kan antas å ville forlate feltet med det første. Peder Brunvold, Skjelman som er medeier i «Selbarden» opplyser imidlertid på «Tromsø»s henvendelse at han ikke har kjennskap til at «Selbarden» er klar til å forlate feltet i nær fremtid.

Alle de nord-norske stålsfangerne på Newfoundland – «Norsel», «Nordbjørn», «Polarsirkel», og «Selbarden» - er trolig like velsikket som noen utenlandske isbryter til eventuelt å unnsette folk som måtte bli funnet inne i drivisen. Det ville derfor være mer enn bra om disse båtene kunne bli så tidlig ferdig med fangsten at det kan bli aktuelt for dem å delta i ettersøkningen. Båtene har dessuten den fordel at de sannsynligvis befinner seg nærmere Danmarkstredet enn noen russisk eller amerikansk isbryter en måtte få tak i.



Selbarden. Foto fra Arnljot Rolansen.

Henvendelse til Washington og Moskva.

Fiskeriministreren, statsråd Peder Holt, opplyser til NTB i går formiddag at det er sendt henvendelse både til Washington og Moskva om

å stille isbryter til disposisjon for ettersøkningen i Vesterisen. Henvendelsen ble onsdag sendt fra Utenriksdepartementet til de norske ambassadene i de to hovedstedene, og det ble spurt om landene kunne stille isbrytere til disposisjon hvis det skulle bli nødvendig i forbindelse med letingen.

Nytt møte i dag

Det vil bli holdt et møte i Fiskeridepartementet i dag kl. 9 der en vil trekke videre retningslinjer for ettersøkelsearbeidet. Formannen i Ålesund Rederiforenings selfangstgruppe, skipsreder Martin Karlsen, Brandal, vil etter hva «Tromsø» får opplyst delta i dette møte. Formodentlig møter også skipper Kvien som med «Veslekari» kom tilbake fra Vesterisen før påske. På grunn av den lange avstand er det så vidt vites ikke mulig for noen representant fra Tromsø å delta i møtet.

Dårlig vær hindrer letingen i stredet

Det er trolig dårlig vær i Vesterisen der letingen pågår. I går fortsatte flysendingen, men etter hva Fiskeridepartementet opplyser, med et redusert antall fly. Letingen fra luften var sannsynligvis hindret av dårlig sikt.

Etter opplysninger fra Vervarslinga for Nord-Norge var det i går trolig snø og sludd og liten ONO kuling i det aktuelle farvann.

Dårlige radioforhold

Hammerfest radio opplyste i går formiddag på «Tromsø»s henvendelse at radioforholdene var dårlige natt til i går, og det lyktes ikke å oppnå skikkelig kontakt med de skutene som leter. Snøbyger forstyrret hver gang man hadde oppnådd forbindelse. Bruddstykker av samtaler skutene imellom fortalte imidlertid at det ikke forelå noe nytt. Man regner med at uværet er gått forbi, slik at skutene som søkte inn i isen for å finne avhold, nå igjen leter seg sørvestover langs iskanten.

«Nordkyn» til Siglufjord, «Sørøy» på 18 gr. vest.

Korvettene møtte som kjent bare styggevær under overfarten og kl. 20 onsdag kveld da SKN

i Tromsø hadde forbindelse med fartøyene, meldte «Nordkyn» at skipet hadde fått lekkasje på rør i en av sine to kjeler. Kjelerørslekkasjen tærte sterkt på fartøyets ferskvannsbeholdning, og skipet ba om og fikk tillatelse til å søke nærmeste islandske havn for å få skaden utbedret. «Nordkyn» som trolig hadde blåst av den skadde kjelen, la deretter om kursen og gikk inn til Siglufjord dit den trolig kom ved 13-tiden i går formiddag. «Sørøy» fortsatte vest over etter den opprinnelige plan.

Under slingringen ute i sjøen var det ikke mulig for maskinfolkene på «Nordkyn» å konstatere hvor stort omfang kjelerørskaden hadde, men operasjonssjefen ved SKN, kapteinløytnant Stenmark, regnet da «Tromsø» hadde en samtale med ham i går formiddag, med at det ikke ville ta lang tid å utbedre skaden. -Det dreier seg bare om valsing av en del kjelerør, og det er en forholdsvis enkel operasjon som ikke krever særlig tid eller omfattende verkstedutstyr.

Det er forutsetningen at «Nordkyn» straks kjelerørskaden er utbedret, skal slutte seg til «Sørøy» og lete sammen med den.

Operasjonssjefen opplyste at man ikke hadde hatt forbindelse med korvettene siden kl. 20 kvelden i forveien, men man regnet med at «Sørøy» var på 18 gr. V like etter midnatt natt til i går.

Professor Sverdrup i Norsk Polarinstitutt og flere andre av polarekspertene i Oslo mener i følge NTB at det ennå er store sjanser for at folkene er i god behold og er kommet på isen, og de sier alle at letingen bør fortsette i lang tid framover og med alle midler. Regjeringen har gitt Fiskeridepartementet fullmakt til å treffe de bestemmelser som er nødvendig i sakens anledning.

I ishavskretser ser man mer pessimistisk på situasjonen, men det understrekkes over alt at letingen må fortsette med full kraft inntil drivisen er fullstendig undersøkt.

AASEN



BIL-DEMONTERING AS

- BRUKTE OG NYE DELER
- OFF. GODKJ. VRAKMOTTAK
- NYE DEKK OG FELGER

700 37 900

www.aasenbil.com



POLARSTAR 75 ÅR

M/S Polarstar

1948 – 2023

Jubileumsfeiring ved Ishavsmuseet på Brandal

24. – 27. august

Foredrag av isbjørnforskar Thor Larsen, konsert med Bergen
Shantykor, besøk av Kaptein Ishav og mykje meir.

Følg med på www.polarstar.no og www.ishavsmuseet.no
for meir program.

www.facebook.com/aarvak - www.facebook.com/mspolarstar


Norges første selfanger i stål. «Polarstar», eit viktig kulturminne.

Av Webjørn Landmark


«Polarstar» var første spesialbygde selfangstfartøy i stål, bygd på James Lamont verftet i Glasgow, Skottland i 1948. 24. – 27. august 2023 skal 75 års jubileet til «Polarstar» feirast ved Ishavsmuseet på Brandal.

Skuta var delvis sveisa og delvis klinka. Seinare har det også vorte sveisa rundt naglane i huda. Skuta hadde måla: LOA 151 fot, 424 brt. Den hadde ei maskin av typen Atlas Polar diesel på 900 hk.

Eigarar var Martin Karlsen, Peter Karlsen, Karl Karlsen og Kristoffer Marø. Sistnemnde var skipper om bord frå den var ny i 1948 og fram til 1952. Marø var arkitekten bak denne nyvinninga. Han hadde lang røynsle frå fangst i ishavet der han byrja alt i 1900 som fangstmann på «Minna». Seinare var han skipper på ei rekke skuter, mest kjent vart han nok frå tida på «Polarbjørn». Det mangla ikkje på skeptiske røyster til å bygge ei selfangstskute i stål. Mange meinte det ville gå gale, slo ein sprekk eller hol i stålskuta ville ikkje dette sige seg til att slik som det var på treskutene.



«Polarstar» under bygging.



«Polarstar» under dåpen i juni 1948, døypt av Borgny Karlsen, med dei feiande flotte namnet «Polarfart». Foto frå James Lamont samlinga.

«Polarstar» var første gang på selfangst i 1949. Den var bygd først og fremst for selfangst, men hadde ei rekke spanande oppdrag med ekspedisjonar og frysefart. Med fryseri i rommet, som også var ei nyvinning, kunne den ta mange frakteoppdrag, og gjekk mykje i frakt av matvarer til og frå Canada, USA, Tyskland, Danmark, Sverige og Polen. Eit litt spesielt frakteoppdrag var då den gjekk fullasta med dynamitt frå Canada til Venezuela. Returlasten var brennevin.

Skuta var på selfangst ved Newfoundland kvart år frå 1949 og fram til 1982 då den var – i lag med «Melshorn» og «Veslemari» – siste norske skute på selfangst der. «Polarstar» var såleis den skuta som fangsta lengst av dei norske på Newfoundland.

I 1952 vart gangane på begge sider innebygd. Skuta hadde ein lei tendens med å fylle seg med sjø når sjøen kom bakfrå, og skuta var treg med å kvitte seg med vatnet att. Etter ei heller tøff oversigling frå Newfoundland med lasta skute i 1952 gjekk skipper Marø og 1. skyttar Sigmund

Bøe i møte med Karlsen og la fram ideen om å bygge att gangane. Dette vart gjort, og med innebygde gangar fekk skuta meir oppdrift og låg betre i sjøen. I første omgang vart gangane innebygde fram til akterkant rorhus, seinare har dei blitt innebygde heilt fram.

Tre år seinare fekk den nytt Liaaen propellanlegg med vribare vingar, og med alle kontrollar frå tønna. I 1966 fekk den ny hovudmaskin; ein Deutz på 2000 HK. Denne maskinen står framleis i skuta. Samstundes vart skuta overført frå Polarfart AS til Martin Karlsen AS.

Då Martin Karlsen og Kristoffer Marø bestilte den nye skuta i Skottland, meinte dei at dei hadde funne eit feiande flott namn: «Polarfart».

Men det var nok ein og annan verftsarbeidar som drog på smilebandet der dei måla namnet på skutesida. Engelskkunnskapane var noko svakare blant nordmenn den gongen, og det tok litt tid før eigarane innsåg at dei hadde sytt for litt latter og moro ved namnevalet. Dei engelske ordbøkene forklarer den siste delen av namnet – «fart» – som det folkelege ordet på det som i medisinske termer heiter «expel intestinal gas from the anus». Altså: Å sleppe ut tarmgass. Eller fise, på meir daglegnorsk. «Fart» er også brukt i omtale av menneske. Då er det tale om folk som er mislikte, irriterande og ubehagelege – som i «the old fart», den gamle surpompen.

Den nybygde selfangaren gjekk frå verftet i Glasgow i 1948 under det ikkje lenger så stolte namnet «Polarfart». Men reiarane forstod at dei hadde gjort ein blunder, og fekk raskt påført skuta det nye namnet «Polarstar» då dei kom til Ålesund og Liaaen verft for ferdigstilling av skuta ut på hausten 1948.

«Polarstar» var ei topp moderne skute då den kom til Noreg hausten 1948 og fekk fiskerimerke M-14-HD. Det var også den største norske selfangar på den tida.

Mannskapslugarane var store, og ombord var det ein komfort ein berre kunne drøyme om på ei ishavsskute. I skipperlugaren var det til og



«Polarstar» på Newfoundland i slutten av 1960-åra. Foto frå Johan Petter Holtet.

med badekar! Det var lugarar med køyplass til 36 ombord. Etter avslutta selfangsttur i 1949 gjekk skuta rett i teneste for Konglege Danske Handel i fart på Aust-Grønland. I 1961 vart det montert undervasskamera på skuta. Oppdraget var og fotografere dei transatlantiske telefon og telegraf kablane mellom Europa og Nord Amerika.

I 1968, rett før fangstslutt, miste «Polarstar» roret. «Martin Karlsen» kom til og fekk slepe «Polarstar» heim. Oppunder norskekysten rauk sleparen i eit forrykande uver, og skuta dreiv hjelpelaust rundt. Til slutt lukkast det «Martin Karlsen» og få ein ny slepar ombord ved å feste i ei blåse på sleparen og la den drive ned til havaristen.

Alt i 1964 var «Polarstar» chartra til oljeleiting av det canadiske selskapet GSI. Skuta vart såleis ein av dei norske pionerbåtane på oljeleiting. I åra etter var skuta ute på mange slike liknande oppdrag for ulike aktørar, utanom selfangstturane. I 1971 vart skuta hyra av eit Fransk firma som skulle leite etter olje ved Edgeøya. På dette oppdraget var det også med helikopter. Dette var vanlegvis stasjonert på land, men om kvelden den 1. november vart det for mørkt å flyge til land, så helikopteret vart tjora på helikopterdekket på skuta.

Neste morgen når dei skulle ta av var dekket rima, og helikopteret dreia brått og rotorvengen kutta av eit mastestag for deretter og treffe ein



Mekanikar og pilot passar på sine to helikopter på dekket til Polarstar, Vibe ekspedisjonen til Aust-Grønland 1975. Foto frå Liv Skarbakk

av davitane. Det tok fyr i motoren på helikopteret og brennande bensin rann utover dekk fram mot bruvingane. Mannskapet kom til og fekk tippa helikopteret på sjøen.

Det var en slik reim «Kvitebjørn» hadde funnet etter å ha fulgt selen nordover langs Newfoundland-kysten, og nå stevnet vi nordover, alle skutene som ennå lå igjen og ikke hadde tatt full kvote av ungdyr. Det var «Polarstar», «Veslekari», «Veslemari» og til sist «Polaris» som hele turen hadde vært forfulgt av uhell og maskinhavari. Dette fikk skipper Rødbeck fra Langevåg til hver kveld å pøse edder og galle og gloende eder over eteren om maskindelene som skulle bringes ut med helikopter, men som aldri kom. Da var vårt kors, en forvridd rorstamme som bare ga ti-femten grader styrbord ror, atskillig lettere å bære.

Vi går nordover mesteparten av natten og vi kjører hardt. I den smale lysstrålen som viser vei et par hundre meter fremfor oss, snor vi oss mellom florene med 10 mils fart og vel så det.

Isen er slakk og de 2-3 meter tykke flakene som dundrer mot baugen, knuser vi lett. Skuta har nå begynt å bli tung med fullt akterrommet av skinn og spekk og 6 – 700 smådyr i forrommet.

Det er førsteskytter Ove Gjerde som har vakt, og han sparer hverken is eller skute der han står med hode ut av den åpne styrehusruta med en hånd på reverseringen og en på styremaskinen. Småflakene og florene knuser vi som kjeks, men blåisen som ser likedan ut i skinnet fra lyskasteren, er farlig som fjell – selv for de tommetykke stålplatene i baugen på «Polarstar».

-Ka' i heitaste e' ditte? Ville messen vite da han kom opp i styrhuset og fikk se isen svartprikket så langt øyet rakk, som var det århundregammel slueskitt på et vindu.

Ti timer, ti rotbløyter og tre klesskift senere, visste han det så han neppe glemmer det mer. Det var «gammalhunden».



Isen svartprikket så langt øyet rakk,

Vi så og luktet gammelsen omtrent samtidig fra dekk. Svarte prikker toppet seg over lange slake dønninger i isen og den søte, litt kvalmende lukten av brunst, kom drivende fra selflokken med vinden.

Først gikk de tre skytterne ut, med rifler og ammunisjon. Hundre meter etter kom spretterne, en for hver skytter. De har som oppgave å sprette og blodtappe de skutte dyrene slik at skinnene ikke blir isbrente og ødelagte. Og til sist, hundre meter bak der igjen, kom to flåere etter hver skytter og spretter.

Det ble en dag vi sent glemte, denne søndagen 13. april. Det var sel i tusentall, men råtten og slak is og tungdønning av værste slag. Det var mer åpent vann enn is, og de få flakene som var, lå delvis dekket av snø slik at vi like gjerne landet til maven i sørpe som på hard is når vi hoppet.

Storbåra som kom rullende fra havet i øst, skapt av en vedvarende pålandsvind, dro flakene snart sammen og snart ifra, og nåde den stakkaren som ble fender mellom slike kolosser.

Vi bet tennene sammen og jumpet, uvisse på om vi rakk fram til neste flak og uvisse på om satsen holdt. Begge deler endte som regel med å lande på vannet i vokka. Vi ble stående landtroll på småflak og måtte vente til flakene drev sammen igjen, samtidig som vi prøvde å padle med hakapik eller geværkolbe som åre.



Skinndunge jolles om bord.

Og foran oss bjeffet geværene, og sente kuler på avveier hvinte over hodene på oss som bisvermer. –Men de du hører er de ikke så farlig med, trøster skytter Sigurd Haugland da vi møttes på et flak. De syngende har alt passert. Det er verre med dem du ikke hører noe til. Det er dem du skal se opp for! ...

Likevel skjer det aldri skyteulykker på Ishavet, i alle fall har det ikke hendt i nyere tid. Skytterne er folk som kan jobben sin og ikke skyter før de er sikre på å treffe, og sjeldent på så langt holdt som hundre meter.

Men til å begynne med hørtes det nifst ut når vi arbeider oss gjennom selen, 9 skyttere og tre mannskap i bredden.

Det var ikke mange som tørrskodd klatret sliskene på «Polarstar» den kvelden.

Illest ute var likevel Oddvar Bjørge, samfunnsfagsstudent fra Ålesundkanten som for i år - og trolig også flere år – hadde gjort ishavsgast av seg.



Selskinn til tining langs rekka etter ankomst Brandal.

Han datt i vokka i tykk seig sørpeis for elevte gang og klarte ikke å komme opp ved egen hjelp, men fikk etter en tid ropt på skytteren sin som kom til og hjalp ham opp på «tørr is». Da han ble dradd opp etter flere minutters kamp i isvannet, hadde han mistet både kniv og slire og den ene støvelen og var selvsagt nedkjølt til kistetemperatur. Den eneste flaksen han hadde hatt, vat at han minuttet i forveien hadde levert fra seg tre tunge pakker med ammunisjon som det er spretterens lodd å bære.

Langt fra skuta var han, men med nyvunnen erfaring som ikke blir lært ved noe universitet, sprettet han seg et nyskutt dyr, stakk sine iskalde hender og føtter i en varm vom før han trasket videre mot neste dyr og skuta.

Det er ikke å fortenke den sympatiske samfunnsviter i at han barføtt og hakkende av kulde ønsket seg tilbake til tempererte lesesaler ved Universitetet i Bergen der han haltet fra skrott til skrott.

Men det var så vidt jeg vet eneste gangen også, for neste år skal han på Ishavet på nytt!

Livlig gikk det også for seg om bord i skuta som kom etter og jollet skinndungene om bord. Takket være isen var dungene små, ofte bare ett og to dyr, og messen og smørereren som hadde den blandede fornøyelse å jumpe med jollewiren og hekte på skinnene, fikk virkeli vise at de kunne svømme.

Eneste trøst for messen var at stuert Liv Johansen skiftet forkle med kjeledress og kjørte vinsjen, en jobb som hun behersket fint etter først å ha hivd smørereren til topps i blokka på storbommen. Men for messen var denne tabben et kjærkomment påskudd til å kvittere for mer og mindre velfortjent kjeft fra bysse og messe!

Det ble en lang dag på isen denne søndagen, og lengst var timene fra vi tok de siste dyrene – de fleste ble skremt og forsvant etter få skudd – til vi ble hentet. To ganger var skuta nesten helt oppunder oss, for så å gå i motsatt retning uten å ta oss og den siste skinndungen om bord.

Det er en feil med han Johan (skipper Johan Holstad), knurret en av karene. –Han tar ikke opp folket, og hadde han funnet et flak som var stort nok, hadde han vel bare latt oss stå igjen og først hentet oss neste sesong!

Men om vi frøs og bannet skipper og skute nord og ned, gikk vi ikke til så drastiske skritt som skytteren til den kjente ishavsskipperen Pål Lillenes gjorde, da Lillenes med overlegg kjørte fra fangstbåten og inn i skodda.

Skytteren delte ikke skipper Lillenes' sans for humor, slengte Kragen til kinnet og fyrté av et skudd som traff i masten like over hodet på skipperen i tønna.

-Den neste får du i hode om du ikke snur, brølte skytteren.

Da vendte skipper Lillenes...

Og ganske riktig, så kom «han Johan» til slutt og tok oss opp, og etter å ha skiftet til tørre klær og inntatt dagens andre måltid kunne vi glede



Fangsten leveres i Brandal.

oss over å være beste skute i «gammel hunden» den dagen.

Fem dager og 1500 gammelsel senere kunne vi skalke lukene, låre bommene og vise akterenden til sel og is for i år, etter vel en måneds sammenhengede fangst ved Newfoundland. Medregnet klargjøring og levering ble det 2 ½ måneder på tur med noe slit, men mye moro, og i skrivende stund mellom 20 og 25 tusen kroner attpå...

Ishavet har fortsatt noe av eventyret i seg, og kanskje særlig for den som reiser dit første gang. For den som har 20, 30 eller flere turer bak seg blir selvsagt også selfangsten rutine, noe som den kjente ishavsskipperen Haug-Johan fra Brandal så treffende fikk sagt det da han etter endt tur fikk journalister om bord som spurte etter nytt. -Nei, spør ikke meg. For meg er alle turene nesten like. Snakk med førstereisene, det er de som har noe å fortelle.

Og likevel er det noe som drar «gamlekarene» av sted på turer når det lir over midtvinters og alle andre lengter mot vår og grønne lier, - noe udefinertbart, men håndfast nok når de karakteristiske skutene med høye rigger og tønne stevner mot vest og nord.

Men om du reiser, og liker du veidemannslivet, så gjør ikke som en tidligere fangstmann på «Polarstar» gjorde da han siste dagen om bord etter at skuta var nedvasket og arbeidet gjort, tradisjonen tro gikk opp på kontoret til rederen på Brandal for å hente lotten.

I yr glede over en fin tur, men ellers helt edru, gikk han glad og fornøyd fram på lugaren sin og begynte å lempe spekkete klær og andre kasserte effekter ut gjennom ventilen.


For sent husket han på at lotten lå i lommen på kjeledressen...

Frysefart på Amerikakysten

Av Sigmund Bøe

Det var i 1954. Vi gjekk i frysefart med "Polarstar" mellom Harbour Grace, Newfoundland, og Gloucester, Massachusetts, i sommar-halvåret. I 5 år, heilt sidan skuta var ny, hadde vi gått i fart på Aust-Grønland om sommaren, men dette året var vi slutta på timecharter for North-Eastern Fish Co., Harbour Grace, og vi gjekk frå Ålesund fram mot jonsok for å ta til i charteret.

Farten på Aust-Grønland var svært interessant, på mange vis reine eventyrfarten, einaste minuset var når vi hadde for mange passasjerar på så liten båt.



Polarstar med transport av utstyr og passasjerar på Grønland. Foto frå Sigmund Bøe

Frysefarten på Amerikakysten vart meir som å gå på skinner, same ruta oppatt og oppatt. Vi lasta i Harbour Grace på ein dag, gjekk til Fermeuse om natta, og lasta der neste dag, så ca 4 døgns køyring til Gloucester, der vi lossa ut på nokre timar og gjekk rett tilbake til Harbour Grace etter ny last. Det hende nok at vi var innom Halifax eller Sidney som snarast, men det var sjeldan.

1954 var eit skodde-år av dei sjeldne. Tur etter tur gjekk vi i grauttjukk skodde utan å sjå eit skimt av land. Midtfjords mellom Harbour Grace og Cape St. Francis møtte vi veggen av skodda, og der var sjeldan eit gløtt før vi var ca. 15 mil av Cape Ann ved Gloucester, og når vi gjekk ut att møtte vi veggen på same staden. Det vart etter kvart nokså trøyttande, og vi ynskte oss nok tilbake til Aust-Grønland av og til, sjølv om der og kunne vere mykje skodde utfor kysten, men sjeldan inne i fjordane.

Elles var det grei fart og greie folk å arbeide for. North-Eastern Fish Ltd. hadde ein filetfabrikk i Harbour Grace, der dei tok imot fisk frå dei små kystfiskarane i sommarsesongen, og dei hadde dessutan tre ferskfisktrålarar på ca. 90 fot, som skulle forsyne dei med råstoff resten av året. Dei hadde og ein fabrikk i Fermeuse, omlag midtvegs mellom St. Johns og Cape Race. Denne fabrikken hadde fiskemjølfabrikk, så alt avfall vart frakta dit til oppmaling. Ein gamal skonnert gjekk i fast fart og frakta avfall frå Harbour Grace. Om sommaren når det var varmt låg der alltid ein svær dunge med haud og ryggar utfør fabrikken, og denne dungen var heile tida godt i gang med å krype til Fermeuse av seg sjølv. Når ein møtte denne avfallsskuta på sjøen, kunne ein kjenne lukta på 3-4 mils avstand når den låg til lovart.

I Gloucester hadde dei eit avdelingskontor som stod som importør av fisken. Sjefen der var bror til han som var sjef i Harbour Grace, og dei samarbeidde med eit lite lokalt firma som tok seg av lossing og lasting. Sjefen der var Charlie Pew, ein grei kar som fekk fart i arbeidet. Sjauarane var uorganiserte, og som oftast stod våre folk ved winsjane. Samarbeidet var svært

godt. - Gloucester var ein liten gamal fiskarby. Husa var stort sett gamle og umoderne, langs hamna var der gamle trekaier og gamle sjøhus. Der var ein heil flåte av heller umoderne fiskebåtar, som no om sommaren fiska med snurpenot etter "poggy", ein liten fisk som likna på lodde, og der var ein fabrikk som tok mot fangstane. Dei fleste av befolkninga var portugisarar, mange snakka lite engelsk. Der var lite verksemder utanom fiskeri, men der var eit stort statleg fiskemottak med fabrikk og godt kaianlegg, og det var her vi lossa som oftast, men mykje av lasten gjekk direkte i trailerar, og det vart fortalt at mykje av det gjekk heilt til vestkysten. Noko vart likevel foredra her i fabrikken til "fishsticks", som då var eit heller nytt produkt som var på veg for full fart inn på marknaden.

Heilskapsintrykket ein fekk av Gloucester var av ein liten småby der utviklinga stort sett hadde stoppa opp eingong i 1800-åra, og der folk ikkje var so altfor sterkt angripne av amerikansk fart og tempo. Det var ein småkoseleg stad i det heile. På denne tid var den elles i ferd med å verte ein turistattraksjon, der turistar frå innlandet kom for å sjå sjøen og slikt som høyrd sjøen til, og ei mengd kunstnarar strøymde til for å finne motiv for sine kunstverk. Der var særleg eit lite bebygd område på sørssida av hamna der dei stod i rad og rekkje framfor sine staffeli og malte når veret var godt, som det oftast var. Der grodde og opp mange souvenirsjapper som selde alskens maritime raritetar slikt som bitar av gamal makksmogen drivved, gamle garnkorkar og liknande, som bar merke av å ha lege lenge i fjøra. Di meir makksmoge og rote, di betre, og ein liten bite drivved på kanskje eit kilo kosta omkring 20 dollars.


Eg hugsar at eg skreiv i eit brev heim at folket her på Myklebust ikkje hadde begrep om kva verdiar dei hadde liggande i Myklebust-myrane i form av gamle halvrotne furørter som dei hadde rive opp frå torvmyra. Etter dagens pris her i Gloucester ville det verte millionsummar av det.

North-Eastern Fish hadde nok etablert seg her i Gloucester fordi alt var nytt og uorganisert her. I hamner der det er sterke sjuarorganisasjonar og andre organisasjonar vil det ofte oppstå ueinigheiter og disputtar som fører til tidehefte og ekstra utgifter. Her gjekk alt som smurt, og alle tyktest å vere velnögde. Vi gjekk inn og ut utan los, då her ikkje var etablert losteneste, og inn- og utklarering gjekk so lettvinnt som ein berre kunne ynskje det.

Det som til tider kunne skape vanskar, var den store forskjell på flod og fjøre som gjorde at det kunne vere svært vanskeleg for små båtar å rekke opp på kaia med bommane når det var lavvatn. - Når det gjeld teknikk og maskiner ligg USA langt framanfor dei fleste andre land, men når det gjeld losseutstyret i hamnebyane låg dei, i alle fall på den tid, 50 år etter dei store hamnebyane i Europa. - Her i U.S. forgjekk praktisk talt all lasting og lossing med skipet sitt utstyr. Lastekraner såg ein sjeldan sjølv i dei største hamnebyane. I Europa derimot var det fyrste ein såg når ein kom inn til ein hamneby rekkene av høge lastekraner. Var det utanom arbeidstid, stod dei opprada som vaktkompani langs kaiene med kranarmane reist i lik vinkel og retning. I arbeidstida såg ein dei svinge rundt i ymse retningar som om dei heldt på å skrive dagbok på himmelen.

Eg la fram for Charlie Pew fordelane med å bruke kran, særleg slik tilhøva var her, med stor tidevatn forskjell. Då vi kom att neste tur hadde han fått tak i ei mobilkran, og sidan vart det ikkje snakk om å bruke noko anna.

Vi avslutta i slutten av november etter 14-15 rundturar, og til slutt tok vi ein last akkar til Lisboa, Portugal. Lastepapira for denne lasten måtte attesterast og viserast av den portugisiske konsulen i St. Johns, og i det høvet måtte eg vere med ein clerk frå North-Eastern Fish til det portugisiske konsulatet i St. Johns for å skrive under på Bills of Lading. Det vart ei nokså snodig oppleving for meg. Clerken frå Harbour Grace hadde visst hatt so ymse erfaringar frå møte med konsulen før, for han informerte meg grundig om kor fin vi måtte vere i kanten overfor



«Polarstar» fraktetur i utanlansk hamn 1951.

Foto frå Jon Jakobsen


konsulen, og eg fekk forståing av at det måtte vere litt av ein herremann.

Han heldt til i ein herskapsvilla i utkanten av byen, og vi køyrdet opp dit og ringde på hovuddøra. Døra vart opna av ei stateleg middelalders dame i svart/ kvit husuniform og med ei haldning som ei dronning. Ho såg på oss høgt ovanfrå med eit blikk som eit gufs frå ein isbre, og informerte oss om at konsulen hadde siesta og at vi kunne kome att kl. 17. Vi hadde nok alt gjort oss skuldige i to fatale etikettebrot, først at vi kom køyrande rett opp framfor hovudinngangen med ei vegskitten stasjonsvogn som visst ikkje var av siste årgang heller, og endå verre at vi kom midt i siestaen. Vi vart nok utan tvil stempla som barbarar frå Terra Nova (portugisarane sitt opprinnellege namn på New Foundland) som ikkje hadde det minste kjennskap til alminneleg folkeskikk. Well, vi trekte oss tilbake i god orden. Vi tok inn på ein kafe og fekk oss litt mat, og etterpå fekk eg clerken, Ben Davis, som eg elles var god ven

med, til å køyre rundt i byen på ein mimretur. Dei første krigsåra var eg godt kjend i St. Johns, men eg hadde ikkje vore der sidan, so det var veldig interessant å køyre rundt til dei ymse stader og sjå korleis det no såg ut. -

Vi køyrdet sakte gjennom Waterstreet og New Goverstreet og vidare opp til Bannermanparken, der vi ofte gjekk den fyrste tida vi var i St. Johns i 1940. Inne i gamlebyen var der ikkje so store forandringar, men i utkantane var der mykje nytt.

Kl. 17. ringde vi på hos konsulen att, og no vart vi vist inn på kontoret. Konsulen var høfleg og formell, han tok straks til å gå gjennom lastepapira og retta ymse spørsmål til Ben. Eg heldt meg passe i bakgrunnen, men eg gjorde ymse overraskande observasjonar. Over alt på veggane hang der forstørra foto, og det var noko som verka kjent for meg. Det syntet seg at alle biletene var frå Ålesund og Sunnmøre, og eg lurte på kva det kunne bety. So kom konsulen fram til namnet på båten, og han spurde meg om skuta var frå Ålesund. So ville han vite om eg var frå



Tung sjø i Biskayabukta. Lasten var akkar – og bilar. Under presenningen på akterdekk står det to amerikanarar, som Kjell Marø og Sigurd Hegghheim hadde kjøpt i Massachusetts. Surringane heldt i uvêret. Foto frå Jon Storøy

Ålesund og om eg var godt kjend der. Eg sa at eg var frå ei av øyane litt sørøm byen og at eg var nokså godt kjend i byen. Han ville vite kva øy eg kom frå, og då eg sa Gurskøya forstod eg at han var lokalkjent. Han snakka no perfekt norsk med Ålesundsdiialekt, og han ville ikkje snakke eit ord engelsk meir, so stakkars Ben sat berre og måpte og forstod ingen ting. Konsulen fortalte at han hadde vore fiskeriattasje i Ålesund i ein mannsalder, og at alle barna var fødde og oppvaksne og hadde gått på skulen der, so dei var nærmast norske. Så spurde han om eg kjende Nils Jangaard, og eg sa at eg kjende godt namnet, men at eg berre hadde møtt han eit par gonger då han var norsk konsul i Halifax under krigen. Han spurde så om eg kunne ta med ei lita sending til Jangaard frå Lisbon og det sa eg sjølv sagt ja til. Lastepapira vart gjort ferdige og vi skilde nesten som gamle venner. Ben Davis vart sett heilt utanfor og han vart nokså forbina då eg fortalte han korleis det hang saman.

Turen til Lisbon gjekk elles svært fort og fint, men på heimturen frå Lisbon kom vi inn i ein hundreårsstorm på Biskaya og Kanalen, so vi låg på veret i to-tre døgn vest av Ushant, men

kom som vanleg frå det utan ei skramme. I desse døgna var eteren full av SOS og May Day-signal, og mange båtar gjekk ned eller havarerte, mellom andre fyrskipet på South Goodwin Sands, som kom i drift og forliste på ein sandbane. Mannskapet på 4 omkom. Ein stor tankbåt brakk i to vest for Lands End, og ein mindre båt vart broten ned i same farvatnet. Kanalferjene låg i hamn, då alle hamner i området var stengde. Den svære amerikalineren "Ile de

France" skulle gå ut frå Cherbourg, men måtte vente, då hamna var stengd for all trafikk. Då vinden løya litt, la vi kursen opp Kanalen og gjekk med god halv fart til å byrje med. Det var framleis svær, kaotisk sjø og voldsom slingring slik berre ei ishavsskute kan det.

Då vi hadde gått ei stund, såg vi eit stort fartøy som kom mot oss. Det synte seg å vere "Ile le France", som no hadde kome seg ut frå Cherbourg. Med kursen dei styrte ville dei passere godt nord om oss, men då dei nærma seg, svinga dei rett ned mot oss. Dei ville nok sjå kva slags fartøy dette var, som slingra so voldsomt, dei trudde kanskje det var ein hjelpelaus havarist, men då dei såg at vi låg på kurs med 10 knops fart, tok dei sin gamle kurs og fortsette vestover.

Eg sat i radioen heile denne formiddagen og venta på ein sjanse til å kontakte Lands End radio og få sendt telegram til Ålesund, då eg rekna med at dei var engstelege for oss etter slike media oppstyr det hadde vore og var omkring denne stormen. Nød/kallefrekvensen var heile tida oppteken med nødtrafikk, men det lukkast omsider å få sendt eit telegram. Etter det eg høyrdé då vi kom heim, so vart det visst motteke med glede, for dei hadde vore alvorleg redde for oss.

Vi kom velberga heim i god tid før jul og fekk vere heime i jula.

Dynamitt og brennevin

Av Gunnar Myklebust

Av alle dei underlege fraktoppdraga «Polarstar» hadde etter fangstsesongane på 50- og 60-talet var det eitt i 1957 som særmerkte seg. Dette var i den tida då ‘Kalle’ Karlsen i Halifax skaffa skuta mange oppdrag. Han var populær blant mannskapet. Ein dag kom han om bord og sa at han hadde ein tur som var så spesiell at dei som ville vere med på han, skulle få del av fortanesta, i praksis dobbel hyre. Jon Jakobsen fortel at det vart lenge stille då mannskapet fekk vite kva dei i så fall skulle gå med:

-Vi skulle laste skuta steike full med dynamitt!




Jon Jakobsen var med å frakte dynamitt til Venezuela med «Polarstar». Foto frå Jon Jakobsen.

Men Kalle var ein mann å stole på, og ingen gjekk i land:

-Ja, de skal få 100% over betaling, sa han. Og det heldt han også, vi fekk godt betalt i tillegg til hyra vi hadde. Nei, han Kalle va’ ein snyta kjekke’ kar å ha med å gjere.

Lasten skulle om bord i Sorel, langt oppe i St. Lawrence-elva. «Polarstar» fekk ikkje gå til kai,



Ernst Hovlid var med på frakteoppdraget.

men måtte ligge midt i elva for å ta om bord lasten. Sprengstoffet kom ut til dei med pram.

-Oss va’ full lasta med dynamitt i romet og fenghette framme i baugen. Det var reine torpedoen altså! Seier Ernst Hovlid, som også var med på turen.

St. Lawrence-elva er sterkt trafikkert. Her går det båtar til og frå Ottawa og Montreal. Og sjølv om ho er stor og brei, skal det godt sjømannskap til å ta eit fartøy fylt av dynamitt ut til havet. Det kom los og to kara med kvite hanska om bord og var skikkelege verdensfolk, seier Jon Jakobsen, men dei vart spake då dei høyrd kva lasten var.

-Den eine av karane vart nesten skjelven. Du veit, «Polarstar» og ishavsskutene slingra no av den minste ting, berre du va’ så syndige du svinga litt. Og straum i tillegg naturlegvis. Så han eine i kvitehanskane, som frå før av var skjelven, han ropte og skreik for kvar minste manøver. Så då vi endeleg kom ut i munningen der, så tok han av seg hua og turka sveitten.

Mannskapet fekk kvalifisert instruksjon om lasten, som skulle til Venezuela. Ein representant frå produsenten forklarte grundig om farane, kva lasten tolte og ikkje, at ein godt kunne køyre over ein dynamittgubbe eller to utan at dei ville smelle. Det viktige var sjølvsagt at tennsatsar og lunter var halde vekke frå sjølve



Med raudt flagg i masta ligg «Polarstar» til ankers i Venezuela. Foto frå Ernst Hovlid.

sprengstoffet – dei vart stua i lugarane framme i baugen. No var ikkje dynamitt ukjend for karane om bord. Dei var fangtsfolk og hadde alle brukt slikt i isen. Dei følte at dette hadde dei kontroll med.

Og dei hadde litt moro av å sjå korleis andre fartøy reagerte når dei såg dei to svære, raudde flagga som var heist på «Polarstar». Sørover langs Amerika-kysten auka skipstrafikken, og mannskapet humra kvar gong dei såg møtande båtar svinge godt ut og forbi. Dei store hammarhovudhaiane som kom dei i møte, brydde seg derimot mindre om dei åtvarande flagga. Å ha dei heilt inn til skutesida var utriveleg, syntest nordmennene.

I Venezuela vart dei liggande og vente utanfor hamnebyen Maracaibo. Då tollarane kom om bord, var det ingen tvil om korleis saker og ting vart ordna på dei kantar:

-Dei kom, tre mann. Med tome veske' naturlegvis. Oss fekk dei ikkje på land igjen før veskene deira var nesten fulle. Med sigaretta' og diverse. Han Henry, 'Tie', banna og svor etter dei fór i land, men det var ikkje mykje vi kunne gjere med slikt heller.

Dei fekk ikkje kome til kai i Maracaibo heller. Dei låg ute på bukta og lossa i prammar. Noko skulle til Maracaibo, noko andre stader. I alt

leverte dei sprengstoff i fem hamner i Venezuela. Eit par stader såg dei berre ein pir og ein strak veg inn i landet, ikkje anna liv eller busetnad. Og det var no passande at vi kom der fulle med dynamitt, seier Jon Jakobsen. I 1957 var Venezuela enno eit militær diktatur og i borgarkrig. På «Polarstar» kunne dei høyre skot i det fjerne, og dei såg ingen grunn til å gå i land:

-Oss va' no eigentleg glade når siste dynamittkassa fór over rekka. I ein av desse småbyane der vi lossa, der kom losse-gjenga om bord til oss, og i eit av hiva gleid ein av kartongane med dynamitt av og ner i romet igjen. Så han frå lossegjengen som stod på rekka og dirigerte, han sprang og heldt seg for øyrene og ropte og skreik «My God, my God». Oss andre begynte å storflire. Trur ikkje det var hjelp i å gøyme seg på baugen, oss hadde nok fere nokså høgt opp, alle om bord, om det skulle smelle.

Den siste leveringsstaden var ein utpost på austsida. Då, seier Jon Jakobsen, ville Johan Holstad i land:

-Det gjekk ein därleg veg oppover der, sikkert noko militæret hadde laga, så eg sa til Johan at her er det sikkert ikkje trygt for slanga. Oss snur! kom det kjapt frå han Johan.



Jon Jakobsen og Johan Holstad nyt varmen i Venezuela. Foto frå Ernst Hovlid.



*Etter utlossing fekk vi kome til land i Venezuela.
Foto frå Ernst Hovlid.*

På alle måtar letta gjekk «Polarstar» direkte til Trinidad og Barbados for å laste inn – rom. Der vart mannskapet invitert inn på sjølve brenneriet. Og dei var sikre på at dei etter det aldri meir skulle drikke den slags brennevin: Hårre det for ei lukt det va' der inne!

Dei gjorde ei interessant erfaring under lastinga også. Ernst Hovlid:

-Det var slike pappkartongar med 12 romflaske i kvar, og det vart mykje brekkasje, kan du skjøne! Han som stod i vinsja gjorde ofte eit sleng med hivet, slik at det fór bort i lukekarmane så romen sila ned på dekk. Då kom sjauarane med alt som var av koppa og kar og samla dråpane.

Vi vart lurte, seier Jon Jakobsen. Han merka at det var mange ustøe bein som kom opp frå lasteromet i middagstida. Så han gjekk ned, og der fann han mange knuste flaske bak ristene til fryseelementa. Då det etter middagskvila kom nye folk om bord, gjekk han ned i romet og var der saman med dei:

-Skal seie dei vart sure. Seinare når oss tømte skuta, så fann vi glasbrot alle plassa. Dei hadde nok vore ganske rusige, desse seks første som gjekk på land, ja.

Om Skutedåp

Frå bladet Aktuell 18. desember 1965

Herr redaktør!

Fiskere og sjøfolk, skipere og ishavs-og fiskebåtredere er ofte ikke så særlig språkmektige, og dette kan i visse tilfelle innebære fare for å bringe seg selv opp i pinlige situasjoner. Jeg tenker her på navngivning og dåp av båter. For noen tid tilbake ble det i Skottland bygget en staut ishavsskute. Representanter for rederiet reiste bort for å hente den, men kunne ikke skjønne hvorfor englanderne plutselig ble så lattermilde da skutens navn ble kunngjort og navnebokstavene skulle skrues på plass. Navnet var bestemt til «Polarfart». Dette har en helt annen betydning på engelsk enn norsk (siste halvpart av ordet), og skutenavnet måtte forandres. Det ble valt et annet navn med tilknyting til POLAR. Det er nemlig blitt god skikk og bruk at en ishavsskute skal ha et navn som har med polar å gjøre. (Polarbjørn, Polarhav, «Polarstar», osv.).

For en tid siden så jeg en annen ishavsskute som hadde fått navnet «Polarfart», men den var neppe bygget i England. Språksvake ishavsredere bør være forsiktig med skutenavnet. En ishavsskute går jo til internasjonale farvann og får kontakt med andre nasjoners sjøfolk, også engelske og amerikanske, og man bør vel ikke latterliggjøre seg selv unødig.

Jeg vil med disse linjer gjøre ishavsfolk oppmerksomme på at man må være forsiktig med navnet Polarfart. På verdens-språket betyr det nemlig ikke å farte omkring i arktiske egne.

Landkrabbe.

Ishavskuta «Polarstar» av Ålesund på ekspedisjon for å inspisere undersjøiske telefonkabler.

Den 150 fots selfangeren gikk fra New York for Bell Telephone Company med vitenskapelig utstyr for flere hundre tusen dollars.

(Avisa The Norwegian News, Brooklyn, 10. august 1961)


Den vesle, men trauste og sjøsterke ishavsskuta «Polarstar» av Ålesund er på nytt tatt ut som ekspedisjonsfartøy for Bell Telephone Company i New York, og for noen dager siden kastet man fortøyningene ved Brewer dry Dock, Staten Island, for å begi seg til Halifax.

Her ble resten av mannskapet tatt om bord og kurSEN gikk til havs for å prøve inspeksjonsapparatene som i alt er verdsatt til flere hundre tusen dollars.

TV-kamera senkes 3000 fot

Årets oppdrag er en kopi av fjorårets kabelinspeksjon ved Newfoundland, forteller skipper Henry Brandal, fra Brandal ved Ålesund, og om prøvene blir vellykket går turen til Englandskysten.

-Kabelinspeksjonen foregår ved hjelp av TV-kamera som senkes ca. 3000 fot i dyptet og det er en helt ny metode amerikanerne her har tatt i bruk. Leder for ekspedisjonen er Mr. Leopol ved Bell Telephone Company og han skal under inspeksjonen kunne sitte i salongen under dekk og følge havbunnen og telefonkablene på TV-skjermen.



Kablene som «Polarstar» fotograferte i 1960 og 1961.

TV-kameraet som senkes i sjøen er utstyrt med flytetanker og lyskastere. Dette utstyret alene



Skipper Henry Brandal.

koster 130.000 dollars som altså bokstavelig talt «kastes på sjøen».

10 eksparter

I tillegg kommer måleapparater og annet elektrisk utstyr som nesten fyller opp hele rommet på «Polarstar». Hele 10 eksparter fra Bell er med på turen og noen av dem har med seg sine familier. Det er nemlig utrolig stor lugarkomfort på den vesle selfangeren og det er en av hovedgrunnene til at det amerikanske milliardforetaket har valgt denne skuta til sine viktige oppdrag. «Polarstar» er dessuten av passelig størrelse og eigner seg utmerket til turer i vanskelige farvann. Sist, men ikke minst, har skuta en besetning av dyktige sjøfolk som har stått mang en hard tørn på selfangst i Vesterisen og ved Newfoundland. Utenom selfangstsesongen er den chartret for fraktfart på Canada.

Ekspedisjonen kostet 600.000 dollars

I fjor lå Ålesundsbåten et par måneder i New York før den la ut på sitt pionèroppdrag som kom til å koste telefonkompaniet om lag 600.000 dollars. – Denne gang lå skuta ved

Staten Island i ca. en måned og det lar seg ikke nekte at mannskapet og offiserer var glade for å komme i rom sjø igjen. Men det viktigste av alt, utenom et vellykket oppdrag, var at opp under jul skulle båten tilbake til Ålesund og dermed julefeiring hos slekt og venner. – At karene trives om bord får vi bevis for når styrmann Kjell Marø (av berømt skipperfamilie i Ålesund), maskinsjef Heggem og 2. maskinist Martin Knutsen forteller at de har stått langt over ti-året om bord i den 150 fots store ishavsfarereren.



Styrmann Kjell Marø. Foto fra Ernst Hovlid

-Det er av uhyre stor viktighet at inspeksjonen blir vellykket, forteller Kjell Marø. Fremmede trålere ødelegger stadig kabler som dermed må repareres og fornyses, og det er om å gjøre å finne gode «skjulesteder» hvor kablene kan ligge i fred. Selv TV-kamera er ikke en helt tilfredsstillende metode og man arbeider med å ta i bruk undervanns-båter til senere års inspeksjoner.

Likevel blir «Polarstar» trolig med som ekspedisjonsfartøy.

Brennende helikopter ble tippet over rekka

En katastrofe for «Polarstar» hvis det hadde eksplodert.

-Helikopteret stod i full fyr. Brennende bensin rant utover dekket. Vi hadde bare en ting å gjøre. Vi måtte tippe helikopteret over bord.

(Avisa Nordlys 6. november 1971)

Akkurat i det vi hadde fått maskinen over rekka, eksploderte den. Hadde eksplosjonen skjedd ett sekund tidligere ville situasjonen vært svært så alvorlig både for skip, passasjerer og mannskap. Slik skildrer skipperen om bord i «Polarstar», Kåre Stokholm, de dramatiske øyeblikkene under uhellet som inntraff tirsdag morgen.



Helikopter inn for landing på «Polarstar». Seinare vart bakmasta og stag fjerna for sikrare bruk av helikopter.

Hadde ikke skipperen og to av mannskapet handlet så lynraskt som de gjorde, kunne helikopterbrannen endt med en katastrofe i isødet.

Stokholm forteller videre: - «Polarstar» lå fire sjømil sørvest av Kvalpynten på Edgeøya og driftet i tynn is. Mekanikeren holdt på med oppvarming av Bell-helikopteret som CFP

bruker til transport mellom skuta og basen Total Alfa inne i Tjuvfjorden. Så glei maskinen på det islagte dekket. Først braste det inn i mastestaget og kuttet det tvert av, deretter traff rotoren livbåtdaviten på styrbord side. Motoren ble revet løs. Bensinen som lakk ut ble antent av gnister, og så sto helikopteret i flammer.

Mekanikeren greide å komme seg ut. Flygeren som sto klar til å ta over kom seg også i sikkerhet. Hadde han stått på motsatt side av maskinen ville han blitt feid over bord. Vi hørte rabalderet på helikopterdekket og styrtet til.

Jeg så brennende bensin flommet over dekket og visste at tanken nettopp var fylt med 180 liter. Heldigvis var det sprengkaldt og tommetjukk is på dekket. Derfor fatnet det ikke ordentlig. Etter at vi hadde tippet helikopteret som hang i sikkerhetsnettet over bord, greide vi å slokke med pulverapparater.

Helikopteret ble liggende brennende på isen. Skuta gikk forover og det raste ut i råken og ble liggende på 30-40 meters dyp, forteller Stokholm.

Mørefly i Ålesund eide helikopteret som kunne frakte tre passasjerer og var verdt 600.000 kroner.

-Jeg har seilt i tre år på Svalbard med helikopter om bord. Under oppdrag for Polarintituttet har vi hatt fire helikopter på dekk på en gang. Men et uhell som likner dette har jeg aldri opplevd før, sier skipperen.

«Polarstar» ligger nå i Tromsø etter en 12 dagers tur for CFP til Edgeøya. Været har vært bra. Men nå begynner isen å sette inn og verken Tjuvfjorden eller Storfjorden er farbare lenger. Likevel skal «Polarstar» oppover igjen. Og det er meningen å ta med et nytt helikopter.

Plukkfangst:

«Polarstar» berger 18 mann på drivisen.

Stor sel-samling på Newfoundlandsfeltet – men dårlig vær ved fangstens opning.

Frå hr. Peter Strom, en interessert leser av «Fiskaren» i St. Peter, Nova Scotia, Canada, har vi mottatt et brev som forteller om åpningen av selfangsten på Newfoundland.

Her bruker nå i fangsten et par fly og helikoptere med basis på en øy som heter Magdalen Island, forteller hr. Strom. Dagen før fangstens åpning, ble det oppdaget en stor sel-samling på over 100.000 sel 15-20 mil fra Magdalen Island. Tidlig om morgenen 5. mars var fly ute og sel-slaktingen begynte. Men bare noen timer etter seg tåke og regn inn over fangstfeltet, så folkene mistet forbindelsen med sine fly og land. En del fangstfolk hadde måttet oppholde seg på drivisen i 2-3 døgn da, med lite mat og lite sovn. Den norske fangstskuten «Polarstar» har visstnok, etter det jeg har hørt, sier hr. Strom i sitt brev til «Fiskeren», tatt seg av en god del av disse fangstfolkene, som alle forhåpentlig er blitt reddet av selfangstskutene som arbeider i området.

Av en pressemelding går det ellers frem at to selskuter berget 21 mann fra isen 20 miles vest av Brion Island, mens en annen skute berget 3 mann og den norske «Polarstar» tok om bord 18 mann. I en annen blad melding fortelles at over 100 mann er blitt reddet av to skip.

Senere ble meldt at «Polarstar» og «Brandal» har øket sin fangst til 10.000 dyr hvorav «Polarstar» har tatt 6500. Ellers rapporteres at «Nordvarg» og «Norsel» har fått 16.000 og «Kvitfjell» 12.000. Også de øvrige norske skuter menes å ha fått fine fangster.

(Fiskaren 18. mars 1964)

Sel kastet på land i uvær

Vintereventyr i St. Lawrensbuskta.

Ålesund: (NTB) Under en storm i St. Lawrensbuskta i vinter ble store mengder sel

kastet på land, kunne mannskapet på ishavsskuten «Polarstar» fortelle da de natt til i går kom inn til Ålesund fra feltet. Fangstfolkene fortalte at da selen ble slengt på land i uværet, gikk befolkningen mann av huse for å sikre seg fangst, til tross for at det er forbudt å fange sel uten lisens. Det oppstod den rene sel-feber, og politiet i St. Johns måtte rykke ut for å arrestere nærmere 500 «amatør-jegere», forteller de norske fangstfolkene.

«Polarstar» kom inn med omkring 11500 skinn av god kvalitet. Ålesund-båten brøt av fangsten før tiden fordi den skal på hvalmerking.

(Helgelands Blad 23. april 1969)

Radiofyrt bygges på Jan Mayen

Selfangeren «Polarstar» har dratt fra Bodø med kurs for Jan Mayen, der det skal bygges et radiofyrt for Meteorologisk Institutt og Forsvaret i fellesskap. Med «Polarstar» drar 22 mann nordover. Radiofyret føres opp med henblikk på sjønavigasjon.

(Harstad Tidende 12. mai 1959)

Isbjørn

Isbjørnen på Edgeøya på Svalbard har forsynt seg av statens matfat, melder Svalbardposten.

Ti reinsdyr ble fellt på Edgeøya i sommer, og kjøttet ble lagret på den gamle forskningsstasjonen på Kapp Li. Her skulle det hentes senere av sysselmannsbåten «Polarstar».

Da folkene fra «Polarstar» kom til Kapp Li lå det to isbjørner og dovnet seg utenfor kjøttbua. De ble straks mistenkt for å ha tatt for seg av de slaktede skrottene. Mistanken ble bekreftet. De to isbjørnene hadde slått inn døra til bua.

Sysselmannens folk fikk sanne det gamle ordtaket om at der intet er har selv keiseren tapt sin rett. Vi skylder for øvrig å gjøre oppmerksom på at reinen var lovlig fellt i forbindelse med forskning, og at kjøttet var tiltenkt ett eller flere gode tiltak på Svalbard, skriver Svalbardposten.

(Finnmarksporten 1. oktober 1983)



VS Poland Sp. z o.o.

Tlf nr 95070668

Stålkonstruksjoner - Aluminium produksjon - Konstruksjoner rustfritt stål

*- PE produksjon - skrog - seksjoner - alle type konstruksjoner - sport
/fritid - trykksaker*

Teknisk support - kjøp/salg - import/eksport - crewing

Returadresse:
Ishavsmuseet, Brandalsvegen 28
6062 Brandal

Porto Betalt P.P
Avtale 617108/7



Nærleik. Lokalkunnskap. Personleg kontakt.

**Derfor er vi tilstades på
Hareid og vil ha deg som
kunde.**



Melinda Skeide
Banksjef
416 65 873
melinda.skeide@sbm.no



Turid F. Leknesund
Autorisert finansiell rådgivar
915 87 894
turid.leknesund@sbm.no



Solgunn Røyset Almedal
Autorisert finansiell rådgivar
901 49 018
solgunnroyset.almedal@sbm.no



Sølvi Anita Rekkedal
Autorisert finansiell rådgivar
415 64 735
solvirekkedal@sbm.no

